

Rentehopp gir milliardvekst i kostnader for bønder

2023-08-25 01:00

Kraftig auke i lånerenta fører til eksplosjon i renteutgiftene for bønder. Sidan 2021 har renteutgiftene i jordbruket auka med over 2,5 milliardar kroner.

Prisane på fleire sentrale innsatsfaktorar i jordbruket går ned viser Bondens prisindeks (BPI), som blir laga av AgriAnalyse.

Utgiftene til lånerenter, som er ein tung kostnadspost for bønder, er derimot ikkje med i tala stadfestar AgriAnalyse, som fortel at indeksen viser kostnadene til såkalla ikkje-varige driftsmiddel.

- Renteutgiftene blir ikkje rekne som ikkje-varige driftsmiddel, så dei er ikkje med. Det er også vanskeleg å finne gode datakjelder på renteutgiftene, seier prosjektleiar i AgriAnalyse, Anel Finci, som opnar for å ta med renter i indeksen om det lar seg gjere.

Stort rentehopp

Medan prisane på gjødsel og diesel har gått ned siste tida, så har lånerenta som bønder og andre betalar gått stikk motset veg.

Norges Bank har heva styringsrenta frå null til fire prosent dei to siste åra. Styringsrenta er nå på sitt høgaste nivå sidan 2008.

Utlånsrenta til kundar ligg ein god del over styringsrenta, men kva som er gjennomsnittleg lånerente i landbruket er det vanskelegare å talfeste.

Statistisk sentralbyrå (SSB) gir overfor Nationen uttrykk for at dei ikkje har statistikk på det.

SSB-tala for renter på totale utlån til såkalla ikkje-finansielle føretak, som også inkluderer bønder og andre sjølvstendig næringsdrivande, viser ei rente som i snitt ligg rundt 2,75 prosentpoeng over styringsrenta.



Der har renta så langt auka med 3,59 prosentpoeng på to år, frå 2,57 prosent i 2. kvartal i 2021 til 6,16 prosent i 2. kvartal i 2023.

SSB-statistikken for renter på nye utlån til ikkje-finansielle føretak, definert som «andre nedbetalingslån», viser ein renteauke på 3,68 prosentpoeng frå det lågaste nivået på 2,07 prosent i juli 2021 til 5,75 prosent i juni i år.

Budsjettnemnda for jordbruket (BFJ), som utarbeider talgrunnlaget for jordbruksoppgjera, har på si side lagt til grunn ei gjennomsnittleg lånerente for såkalla nedbetalingslån på 5,63 prosent i 2023.

Det er opp 3,03 prosentpoeng frå eit snitt på 2,6 prosent i 2021.

Milliardvekst i renter

Lars Johan Rustad, som leiar sekretariatet for Budsjettnemnda i Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio), seier rentesatsen på 5,63 prosent for 2023 er basert på framskrivingar av tal frå skattemeldingane som bønder har sendt inn.

Framskrivingane er ifølgje Rustad gjort med utgangspunkt i anslaga for utlånsrente som SSB kjem med i omtale av dei såkalla «konjunkturtendensene» i mars.

Budsjettnemnda legg ifølgje Rustad til grunn at bønder har vel 80 milliardar kroner i landbruksrelatert lånegjeld i 2023. Det utgjer rundt to millionar kroner per årsverk i snitt.

Med 5,63 prosent rente i snitt reknar Budsjettnemnda dei totale renteutgiftene i jordbruket til litt over 4,5 milliardar kroner i år.

Det er meir enn 2,5 milliardar kroner i auke sidan 2021. Den gong var renteutgiftene rekna til under to milliardar kroner.

Rekna per årsverk har rentekostnadene auka frå under 50.000 kroner til over 110.000 kroner per årsverk i snitt frå 2021 til 2023 ifølgje anslaga til Budsjettnemnda.

Image info:

Renteutgifter: Auka rentenivå har gitt bønder milliardvekst i lånekostnader siste åra viser nye tal.

Optional[© Nationen - Login]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.